

## Notat

---

Til: Kultur- og ressursutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

Referanse  
2014/156-1

Dato  
10.01.2014

### **Spørsmål om verknadene av feil, om utsatt iverksetting av vedtak og om ikrafttredelse - Kultur- og ressursutvalet**

Saka gjeld spørsmål frå Tom Sverre Tomren i følgjande sak:

**Sak 127/13 GODKJENNING AV MØTEBOK - KULTUR- OG RESSURSUTVALET 12.11.2013**

*Tom Sverre Tomren (MDG) etterlyste spørsmålet han stilte til administrasjonen i sist møte om dei juridiske følgjene av at vararepresentant for Krf tok del i ekstra møte i utvalet den 31.10.2013 utan å vere lovleg valt som vara.*

#### **VEDTAK**

*Administrasjonen vil koma attende til utvalet med svar på Tomren sitt spørsmål.*

*Møteboka frå kultur- og ressursutvalet 12.11.2013 vart elles godkjent slik den låg føre*

#### **Svar frå Hordaland fylkeskommune**

Spørsmålet gjeld sak 114/13 i Kultur og ressursutvalet, og må vurderast etter forvaltningslova § 41. Sjølv om det er gjort saksbehandlingsfeil er vedtaket likevel gyldig når det er grunn til å rekna med at feilen ikke kan ha «virket bestemmende på vedtakets innhald».

Etter det fylkesrådmannen kan sjå av møteboka sitert under, vart det gjort eit samrøystes vedtak. Slik fylkesrådmannen vurderer det er det liten grunn til å rekna med at Nyborg si stemmegjeving kan ha hatt avgjerande verknad for resultatet.

**Sak 114/13 TILSKOT TIL UTGREIING AV LOKALISERING AV HORDALAND TEATER I BERGEN SENTRUM**

*Kristian Helland sit i styret for Hordaland Teater og gjekk frå som ugild, jfr. forvaltningslova § 6, 1. ledd. Vara Torill Selsvold Nyborg møtte i saka.*

*Det var 10 representantar til stades.*

*Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.*